



Universitetet for miljø- og biovitenskap



# Samarbeidsavtale

mellom

**Naturfagsenteret  
Statens strålevern (NRPA)  
Statkraft Energi AS (Statkraft)  
Universitetet for Miljø og biovitenskap (UMB) og  
Utdanningsdirektoratet (UDIR)**

**heretter kalla avtalepartane**

**om utvikling og drift av samarbeidsprosjektet**

# ”Energnettverket”

# Innhold

1.	Energinettverket.....	3
2.	Bakgrunn og føremål .....	3
3.	Målgruppe.....	3
4.	Oppgåvefordeling.....	4
4.1.	Universitetet for Miljø og biovitenskap (UMB) .....	4
4.2.	Utdanningsdirektoratet (UDIR).....	4
4.3.	Statens strålevern (NRPA).....	4
4.4.	Naturfagsenteret .....	4
4.5.	Statkraft .....	4
5.	Organisasjon.....	5
6.	Personalmessige tilhøve .....	5
7.	Administrative ting.....	5
8.	Vidareutvikling.....	6
9.	Varighet .....	6
10.	Forbehold.....	6
11.	Tvistar .....	6

## 1. Energinettverket

Energinettverket er eit fagleg, praktisk og økonomisk forpliktande samarbeid mellom avtalepartane og regionale nettverk av vidaregåande skular og ungdomsskular. Deltaking i Energinettverket skjer etter påmelding og godkjenning av styringsgruppa. Kvar vidaregåande skule har ansvar for å utvikle samarbeidet med sine tilhøyrande ungdomsskular.

## 2. Bakgrunn og føremål

Året 2005 er av FN utpeika til internasjonalt fysikkår. Avtalepartane ser dette som eit godt høve til å sette i gang aktivitetar som ikkje berre gjennomførast i fysikkåret, men som og kan vare over tid.

Føremålet med Energinettverket er at skulemiljøet skal få auka kompetanse på:

1. Energikjelder
2. Norge som energinasjon
3. Energibruk og miljøkonsekvensar

Det er eit mål å få med utanlandske deltakarar i nettverket, og samtaler er i gang med deltakarar både i Danmark og Tjekkia.

Energinettverket vil også jobbe for å få etablert regionale lærarnettverk.

Statkraft skal vera einaste industrielle aktør i Energinettverket og har fylgjande spesifikke føremål:

- **Auke kunnskapen om Statkraft; dens rolle og samfunnsmessige**
- **Betydning**
- **Synleggjere Statkraft som miljøvenleg energiselskap nasjonalt og lokalt**
- **Møte politisk utfordring om å utvikle samarbeid skule – næringsliv**
- **Vera `konkretiseringsarena` innan Energi, Natur og Miljø**

## 3. Målgruppe

Målgruppene for samarbeidsprosjektet Energinettverket er definert slik:

- Dei vidaregåande elevane i 1. og 2. klasse med fokus på fysikkfaget
- Ungdomskuleklasser i naturleg tilknytning til dei vidaregåande skulane
- Lærarar i realfag

## 4. Oppgåvefordeling

### 4.1. Universitetet for Miljø og biovitenskap (UMB)

- kompetansemiljø i energi og klima
- prosjektoppgåver for studentar
- base for samlingar i prosjektet

Kontaktperson: Arne Auen Grimenes Tlf. 64 96 54 16

E-mail: [arne.grimenes@umb.no](mailto:arne.grimenes@umb.no)

### 4.2. Utdanningsdirektoratet (UDIR)

- Nettverk for miljølære. Portal på internett
- kampanjar
- økonomi

Kontaktperson: Astrid Sandås. Tlf. 23301318

E-mail: [Astrid.Sandas@utdanningsdirektoratet.no](mailto:Astrid.Sandas@utdanningsdirektoratet.no)

### 4.3. Statens strålevern (NRPA)

- kompetanse på måleteknikk
- utvikle prosjekt om UV-målingar

Kontaktperson: Bjørn Johnsen Tlf. 67 16 25 49 Mobil: 988 29 639

E-mail: [bjorn.johnsen@nrpa.no](mailto:bjorn.johnsen@nrpa.no)

### 4.4. Naturfagsenteret

- kurs
- bruk av nettstaden naturfag.no
- administrasjon
- økonomi

Kontaktperson: Anders Isnes Tlf. 22855037

E-mail: [anders.isnes@naturfagsenteret.no](mailto:anders.isnes@naturfagsenteret.no)

Prosjektleder: Karl Torstein Hetland Tlf. 35 07 91 31 Mobil: 913 01 568

E-mail: [karlth@online.no](mailto:karlth@online.no)

### 4.5. Statkraft

- lokal samarbeidspartnar til kvart energinett
- lokal konkretiseringsarena for energiundervisning
- Kraftskolen
- Fagkompetanse
- Økonomi

Kontaktperson: Else Veum. Tlf. 35 07 95 17 Mobil: 976 65 509

E-mail: [else.veum@statkraft.com](mailto:else.veum@statkraft.com)

## **5. Organisasjon**

### **5.1. Prosjektlederansvaret**

Vest-Telemark ressurscenter har prosjektlederansvaret og Karl Tortstein Hetland er prosjektleder.

### **5.2. Styringsgruppe for prosjektet**

Karl Torstein Hetland, prosjektleder  
Anders Isnes, Naturfagsenteret  
Arne Auen Grimenes, UMB  
Else Veum, Statkraft

## **6. Personalmessige tilhøve**

Samarbeidet går på oppgavenivå, og vil ikkje ha noko konsekvensar for dei personalmessige tilhøva.

## **7. Administrative ting**

### **7.1. Budsjett og rekneskap**

Energinettverket lagar eige budsjett kvart år. I samband med budsjettarbeidet skal samarbeidsavtala reviderast med tanke på oppgåvefordeling og årleg stønadsbeløp.

#### **Stønadsbeløpa tildelt for 2005 er fylgjande:**

Naturfagsenteret Kr 350.000

Utdanningsdirektoratet Kr 300.000

Statkraft Kr 300.000

Tilsvarende løyving forutsettast for kvart kontraktsår. Løyving utover dette beløpet vert gjort bare etter eigen søknad frå prosjektgruppa.

Kvart skulenettverk får i 2005 tildelt kr 15000 og i tillegg kr 5000 per skule. Dei årlege stønadsbeløpa til nettverka kan variere frå år til år. Skulane vert informert om dette Kvart nettverk vert også utfordra til å skaffe ekstrafinansiering lokalt.

Kvart nettverk lagar eit budsjett for bruken av midlane og leverer rekneskap ved utgangen av skuleåret. Ubrukte midlar kan overførast til neste skuleår. Kvart nettverk bestemmer sjølv korleis midlane skal nyttast. Den vidaregåande skulen er prosjektleder og administrativt ansvarleg i kvart nettverk.

### **7.2. Rapportering**

Prosjektleiinga må etablere rutinar for kommunikasjon mellom avtalepartane, med td. halvårleg rapportering med statusrapport og oversyn over kostnadsbruk evt. andre aktuelle indikatorar.

### **7.3. Innkjøp**

Innkjøp i nettverket er prosjektleiaransvar. I innkjøpssamanheng skal det være opning for å nytte kvarandre sine kontaktflater mot leverandørar o.l.

#### **7.4. Fortløpande evaluering**

Naturfagsenteret ser om ein kan få til ei fortløpande evaluering av prosjektet. Evalueringa bør fokusere på desse områda:

- Rekruttering til realfag
- Systembygging/nettverk
- læringsutbytte for elevane
- avtalepartane sine spesifikke føremål

### **8. Vidareutvikling**

#### **8.1. Endringar eller utvidingar av samarbeidet**

Avtala omfattar samarbeidet med deltakarane som er definert i kapittel 2. Det er imidlertid opp til partane eventuelt å endre avtalas omfang til å omfatte nye deltakarar. Slike endringar skal imidlertid presiserast og avtalast i eit eige tillegg til denne avtale eller ved at avtala vert revidert.

#### **8.2. Opphør/avvikling av samarbeidet**

Denne avtala kan oppløysast dersom ein av partane ynskjer å trekke seg ut av samarbeidet. Oppseiing skal då skje i samsvar med kapittel 9.

### **9. Varighet**

Avtala trer i kraft ved signatur 24.08.2005. Intensjonen er å få til eit langvarig samarbeid, fortrinnsvis 3-5 år, men avtala skal stadfestast ved årleg revisjon. Avtala kan seiast opp av kvar av partene med 1 års varsel, med opphør frå det derpå fylgjande årsskifte.

### **10. Forbehold**

Ingen.

### **11. Tvistar**

Tvistar som måtte oppstå i tilknytning til avtala skal søkast løyst ved forhandlingar. Dersom forhandlingane ikkje fører fram, vert tvisten å avgjera ved voldgift etter tvistemålsloven av 1915 kap. 32.

Avtala er underteikna i fem eksemplar, eitt til kvar av partene.

**Ås, 24.08.2005**

---

Naturfagsenteret

---

Utdanningsdirektoratet

---

Statkraft Energi AS

---

Statens Strålevern

---

Universitetet for miljø- og  
biovitenskap